

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim  
 Avdeling: Opplæringsavdelinga  
 Sak nr.: 13/6653-5

---

## Sogn jord- og hagebrukskule - vegen vidare

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:  
 Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune set i gong ein prosess, med frist medio mars 2014, for å kartleggje kven som vil vere med å delfinansiere framtidige investeringar ved Sogn jord- og hagebrukskule – både på kort og lengre sikt. Det skal likeeins kartleggjast kven som vil vere med å dekke årlege driftsutgifter , ekskl. kapitalutgifter, i den grad desse ikkje vert dekka av staten innafor ramma av den statleg godkjende landslineordninga.
2. Fylkeskommunen vil i utgangspunktet vere innstilt på følgjande:
  - a. Dekke 60% av eit kortsiktig investeringsbehov anslått til 43 mill. 2013-kr.
  - b. Gjennom ein intensjonsavtale vere med ta eit finansielt delansvar også for det langsigte investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30-40 mill. 2013-kr.
  - c. Dekke om lag halvparten av dei løpende driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev. ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.
3. Fylkeskommunen tek umiddelbart opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift. Fylkeskommunen ønskjer her eit nært samarbeid med Aurland kommune.
4. Fylkeskommunen vil også be Aurland kommune klårgjere ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen, jf. pkt. 2 over. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune og klårgjør om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.
5. Det vert lagt til grunn at fylkestinget i juni 2014 tek endeleg stilling til framtida for Sogn jord- og hagebrukskule.

### Vedlegg:

1. Sogn jord- og hagebrukskule – utbygging. Revidert arealvurdering, notat dagsett 3.9.13 utarbeidd av bygge- og eigedomssjefen
2. Sogn jord- og hagebrukskule – utbygging 1. byggetrinn, og oversikt øvrige tiltak som krev finansiering, notat dagsett 07.11.13 utarbeidd av bygge- og eigedomssjefen
3. Framtidige investeringsbehov på Sogn jord- og hagebrukskule, notat dagsett 13.11.13 frå rektor ved Sogn jord- og hagebrukskule
4. Notat vedrørande utgreiinga om Sogn Jord- og Hagebrukskule, notat dagsett 07.11.13 frå rektor ved Sogn jord- og hagebrukskule
5. Sogn jord- og hagebrukskule – en skole for framtidas landbruk, brev dagsett 28.10.13 frå Oikos – Økologisk Norge, Utviklingsfondet, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag
6. Verdiar for framtida. Sogn Jord- og Hagebrukskule. Landsline for økologisk landbruk, rapport ferdigstilt og presentert 18.11.13 utarbeidd av Aurland Naturverkstad etter bestilling frå Aurland kommune (rapporten er ikkje vurdert i denne saka, då fylkeskommunen mottok rapporten parallelt med at saka til HO vart ferdigstilt. Rapporten vil inngå som ein del av grunnlaget for den vidare prosessen.)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- FT-sak 40/10 Sogn jord- og hagebrukskule – utgreiing om framtida for skulen

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **0. Samandrag**

I arbeidsdokument 3/13 la fylkesrådmannen til grunn at det fylkeskommunale bidraget til drift og investeringar ved Sogn jord- og hagebrukskule ikkje kan forsvarast ut frå omsynet til vidaregåande opplæring og at framtida til skulen difor bør vurderast i lys av andre omsyn enn ordinær skuledrift.

Med bakgrunn i dette bad finansutvalet om at det vert lagt fram ei sak for hovudutval for opplæring den 26.11.13 om vegen vidare i saka om Sogn jord- og hagebrukskule.

Fylkesrådmannen tek i denne saka utgangspunkt i konklusjonar i tidlegare utgreiingsarbeid om framtida for Sogn jord- og hagebrukskule og viser både investeringsbehovet og fylkeskommunen sine årlege driftsutgifter ved skulen. I tillegg har ein i saka omtala behovet for naturbruksutdanning og Sogn jord- og hagebrukskule si rolle som utviklingsaktør og kompetansesenter. I samband med utarbeiding av denne saka har fylkesrådmannen vore i kontakt med Aurland kommune om deira utgreiing i høve Sogn jord- og hagebrukskule.

Fylkesrådmannen rår i saka til at det vert gjennomført ein prosess for å finne moglege samarbeidspartar og ei langsigktig løysing for å dekke årlege drifts- og investeringskostnader ved Sogn jord- og hagebrukskule. Herunder rår fylkesrådmannen til at fylkeskommunen, i nært samarbeid med Aurland kommune, umiddelbart tek opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg medverknad til finansiering av investeringane og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift ved Sogn jord- og hagebrukskule.

Dersom det ikkje let seg gjere å få forpliktande avtalar om fullfinansiering av drift og investeringar ved Sogn jord- og hagebrukskule, er det fylkesrådmannen si vurdering at det ikkje bør takast inn nye elevar på vg2 hausten 2015. Skulen bør då vere avvikla frå august 2016. Dei tilsette må handsamast på same måte som andre fylkeskommunalt tilsette i tilsvarende situasjon.

Fylkesrådmannen rår til at det vert teke endeleg avgjerd om framtida for skulen i fylkestinget i juni 2014.

### **1. Bakgrunn for saka**

I oktober 2010 handsama fylkestinget sak om framtida for Sogn jord- og hagebrukskule (FT-sak 24/10). Saka hadde ein brei gjennomgang av dei ulike funksjonane knytt til skulen, kompetanse, utviklingsmoglegheiter både for opplæringstilbodet og for skulen som regional utviklingsaktør, elevtalsutvikling, den økonomiske drifta av skulen (inkl. finansiering av landslineordninga) og investeringsbehov for skulen. Det vart gjort følgjande vedtak i saka:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sokjer Kunnskapsdepartementet om godkjenning og finansiering av landslinetilbod innan Vg1 Naturbruk med hovudvekt på natur og kulturbasert næring, ved Sogn jord- og hagebrukskule. Det nye Vg1 tilbodet skal ha klar økologisk profil innafor ramma av vedtekne læreplanar.
2. Gjennomføring og omfang av utbygging/ombygging ved Sogn jord- og hagebrukskule må vurderast i samband med revisjon av investeringsplanen i 2011.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal arbeide aktivt mot sentrale styresmakter for å få på plass/avklare statleg delfinansiering av kostnadene ved bygningsmessige tiltak og utstyr ved Sogn jord- og hagebrukskule. Arbeidet med avklaring av statleg delfinansiering må skje før handsaminga av revidert investeringsplan i 2011.
4. Sogn jord- og hagebrukskule får tilført 50% stilling som arbeidslivskontakt frå 2011. Finansieringa må innarbeidast i budsjett 2011/okonomiplan 2011-14.

Fylkeskommunen fekk hausten 2011 og sommaren 2012 avslag frå sentrale styresmakter på søknader knytt til punkta 1 og 3 i vedtaket.

I arbeidsdokument 3/13 frå fylkesrådmannen til finansutvalet hadde fylkesrådmannen ein gjennomgang av elevtalsutviklinga og drifts- og investeringsbehovet ved skulen. I vedlegg til arbeidsdokumentet gav bygge- og eigedomssjefen ei oversikt over historikken i høve utbetringsplanane ved Sogn jord- og hagebrukskule og gjorde greie for ei revidert arealvurdering og tilhøyrande kostnadsoverslag for byggjesteg 1 (minimumsbehov for nye areal) ved skulen. I arbeidsdokument 3/13 vart det konkludert med at det fylkeskommunale bidraget til drift og investeringar ved Sogn jord- og hagebrukskule ikkje kan forsvarast ut frå omsynet til vidaregåande opplæring og at framtida til skulen difor bør vurderast i lys av andre omsyn enn ordinær skuledrift.

Med bakgrunn i dette bad finansutvalet om at det vart lagt fram ei sak for hovudutval for opplæring den 26.11.13 om vegen vidare i saka om Sogn jord- og hagebrukskule.

## 2. Fylkesrådmannen si vurdering

### 2.1 Investeringsbehov ved skulen

Generalplan for Sogn jord- og hagebrukskule vart ferdigstilt i november 2010. Planen er ein heilskapleg plan for utbygging og omhandlar romprogram/arealbehov som treng nybygg/rehabilitering. I FT-sak 40/10, der skulen si framtid vart vurdert, konkluderte fylkesrådmannen mellom anna med at:

«Ei vidareføring av aktivitetene ved skulen vil krevje investeringar i bygningar og utstyr. Dei totale investeringane bør ikkje vere høgare enn at dei kan forsvarast ut frå den totale samfunnsnytten vi oppnår på relativt kort sikt, fordi vi risikerer at staten avviklar tilskotsordninga og skulen må leggast ned. Store deler av investeringane er då truleg tapte dersom investeringsnivået er for høgt. Et investeringsnivå på 72-80 mill. kr er difor, med grunnlag i ei slik vurdering, langt utover det som bør vere aktuelt.»

I lys av dette vart det gjort ein administrativ gjennomgang av investeringsprosjektet med tanke på å redusere kostnadsoverslaget, men å løyse investeringsbehov som krev løysing straks. Etter gjennomgangen sto ein att med ei minimumsloysing på 50 mill. kr inkl. mva. som avgrensa seg til å løyse nye undervisningslokale/møterom, kjøkken/matsal og administrasjon. Desse

investeringane vart vurderte til å ha førsteprioritet og heilt naudsynt å gjennomføre om drifta ved skulen skulle halde fram (1. byggjesteg).

I desember 2011 handsama fylkestinget økonomiplan for 2012-15, med investeringsplanen for same periode. Det vart ikkje vedteke konkrete løvyingar til prosjektet, men i omtalen av investeringssaka vart det konkludert med at minimumsbehovet låg på 50 mill. kr inkl. mva., og at fylkeskommunen var avhengig av andre bidragsytarar for å gjennomføre prosjektet. Det vart skissert at eit forsvarleg investeringsnivå for fylkeskommunen ville vere i storleiksorden 30 mill. kr (60 %). Dette innebar at andre bidragsytarar måtte dekke dei resterande 40 % av investeringskostnaden.

I notat, dagsett 3.9.13 (vedlegg 1), har bygge- og egedomssjefen gjort greie for ei revidert arealvurdering og tilhøyrande kostnadsoverslag på dette prosjektet. Det endra finansieringsbehovet for minimumsprosjektet (byggjesteg 1), oppdatert til prisnivå 2013, er kalkulert til 43 mill. kr inkl. mva. Det er i kalkylen lagt til grunn «normal» m2-prisvurdering for denne type bygningsmasse. Det er føresett at byggherre set vilkår i ein eventuell prosess som gjer at ein har kontroll på kostnadene. Anna vurdering av areal og m2-pris gjev tilsvarende endring for investeringsbehovet. Dersom det ved konkret planlegging vert ønska/kravd særskilte løysingar/materialval (t.d. i eit økologisk perspektiv), vil det truleg føre til auka kostnader.

Dersom ein legg til grunn lånefinansiering av denne investeringskostnaden og mva-kompensasjon på 25 %, kan årlege kapitalutgifter grovt sett reknast til om lag 2,9 mill. kr.

Bygge- og egedomssjefen har også utarbeidd notat, dagsett 07.11.13, med omtale av 1. byggjesteg og oversikt over øvrige tiltak som treng finansiering (vedlegg 2). Bygningsmessig oppgradering utover 1. byggjesteg, som er skissert i generalplanen, gjeld:

- bygningsmessig oppgradering knytt til internatbygget
- bygningsmasse knytt til gardsdrifta:
  - utbetringsbehov/ev. nybygg for veksthus og verkstadlokale
  - tiltak for energieffektivisering.

Arealbehovet utover 1. byggjesteg i generalplanen kan skisserast til omlag 1275 m<sup>2</sup>. Under føresetnad av at arealbehovet kan reduserast tilsvarende det som vart gjennomført for byggjesteg 1 (om lag 20 %), vert arealbehovet i storleiksorden 1000 m<sup>2</sup>. Med ein gjennomsnittleg m2-pris på 25 000,- vert investeringsbehovet 25 mill. 2013-kr inkl. mva. Det er også i denne kalkylen lagt til grunn «normal» m2-prisvurdering (jf. nærmere omtale over) for denne type bygningsmasse, med utgangspunkt i at dette er ei blanding av rehabilitering og nybygg. Det skisserte arealbehovet i generalplanen ut over 1. byggjesteg representerer behov som må løysast i eit 5-15-års perspektiv .

Rektor ved Sogn jord- og hagebruksskule har etter dette, i notat datert 13.11.13 (vedlegg 3), redusert arealbehovet i generalplanen for arealet ut over 1. byggjesteg, til samla 400 m<sup>2</sup>. Fylkesrådmannen meiner ei slik omfattande nedskalering krev prosessar og utgreiingar som ikkje er gjennomførte til no og meiner difor dette ikkje ukritisk kan leggjast til grunn for kostnadsrekninga i denne saka. Fylkesrådmannen vil med det første ta initiativ til ein grundig gjennomgang av eit meir detaljert arealbehov for denne delen av generalplanen.

Hovuddriftsbygningen ved skulen vart i si tid bygd som båsfjøs og med storfe og geiter i same rom. Mattilsynet har varsle forskriftskrav som krev dette endra, men det er usikkert når dette vil kome. Det er i dag krav om lausdriftsloysing for storfe ved nybygg, og det er fagleg ikkje

ønskjeleg med fleire dyreslag i same rom. Ut frå både skulen sin miljøprofil og det reitt faglege, har skulen eit sterkt ønskje om å byggje om til lausdrift for storfe og skilje frå geitebesetningen. Ombygging av hovuddriftsbygningen ligg ikkje i generalplanen sitt romprogram. Innleigd fagrådgjevar konkluderer med ein kostnad i storleiksorden 5-6 mill. kr inkl. mva for ombygging til lausdrift for storfe, og eit enkelt/rimeleg geitefjøs i storleiksorden 2,5 mill. kr inkl. mva. (2013-kr).

Samla bygningsmessige investeringsbehov skissert i generalplanen og ombygging/nybygg for storfe/geit er i storleiksorden 75-80 mill. kr inkl. mva. Investeringar i denne storleiksordenen i løpet av ein 15-års periode er naudsynt å gjennomføre om skulen skal drivast vidare. Fylkesrådmannen vil streke under at skulen framleis etter desse investeringane vil ha ein minimumsstandard som blir kravd for å drive skulen.

Dersom ein legg til grunn lånefinansiering av den samla investeringskostnaden og mva-kompensasjon på 25 %, kan årlege kapitalutgifter grovt sett reknast til om lag 5,3 mill. kr.

## 2.2 Årlege driftsutgifter ved landslinetilbodet

Landslineordninga føreset i utgangspunktet at drifta og kjøp/fornyng av teknisk utstyr skal vere fullfinansiert med statlege midlar. Fylkeskommunen som skuleeigar har ansvar for å stille naudsynte lokale og skuleromsutstyr, verkstader, øvingslokale og liknande til disposisjon.

Målet med ordninga med tilskot til landsliner er å medverke til å gje elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare tilbod i vidaregåande opplæring. Det statlege tilskotet skal gå til drift av landslinene og innkjøp av utstyr. Det er Stortinget som har fastsett kva opplæringstilbod som har status som landsliner. Tidlegare var spørsmålet om vidareføring av landslineordninga stadig eit tema i samband med det årlege statsbudsjettet. Det har dei siste åra vore lite fokus på usikkerheit når det gjeld i kva grad ordninga skal vidareførast. Vidareføring av ordninga har likevel skjedd år for år og det er ingen føringar på kor langt tidsperspektiv ein ser føre seg.

Tabellen under viser kostnad og finansiering av aktiviteten ved skulen i 2012:

	<b>Sum skule- og gardsdrifta</b>	<b>Sum oppdragsverksemد (inkl. internat)</b>
Lønskostnader	10 743 211	3 036 554
Kjøp av varer og tenester	5 723 880	5 216 701
<i>Sum brutto driftsutgifter</i>	<i>16 467 091</i>	<i>8 253 255</i>
Salsinntekter	-4 405 634	-4 788 087
Statstilskot	-8 536 311	
Div. refusjonar	-1 720 608	-3 357 529
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>-14 662 553</i>	<i>-8 145 616</i>
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>1 804 538</b>	<b>107 639</b>
<b>Fylkeskommunal budsjettløyving</b>	<b>1 864 000</b>	

Oppsettet er ekskl. lånefinansiert utstyrløyving og løyving til vedlikehald.

Statstilskotet ligg på i storleiksorden 8,5 mill. kr årleg.

Dei siste åra har fylkeskommunen budsjettet med eigne midlar for å dekkje differansen mellom statleg tilskot og budsjetterte driftsutgifter. I 2013 er dette beløpet på om lag 1,4 mill. kr. I tillegg budsjetterer fylkeskommunen med:

- 0,3 mill. kr til finansiering av 50 % stilling for arbeidslivskontakt, etter vedtak i fylkestinget i sak 40/10
- 0,4 mill. kr til finansiering av vaktmeister. Denne kostnaden inngår i fylkeskommunen sitt ansvar for å stille naudsynte lokale til disposisjon.
- årlege vedlikehaldsutgifter, for perioden 2014-2017 årleg rekna til om lag 0,6 mill. kr
- årleg tildeling over lånefinansierte utstyrsmidlar, om lag 0,2 mill. kr. I 2013 fekk skulen i tillegg utstyrsløyving på 0,25 mill. kr øyremerka særskilt utstyrskjøp. Fylkeskommunen har dei siste åra ikkje motteke statleg tilskot til utstyr ved skulen.

Samla årleg fylkeskommunal finansiering av aktiviteten ved Sogn jord- og hagebrukskule i 2013 vert med dette om lag 2,9 mill. kr.

Rektor ved Sogn jord- og hagebrukskule har i notat dagsett 07.11.13, spelt inn sine vurderingar knytt til drifta ved skulen (vedlegg 4).

Som vist tidlegare kan årlege kapitalutgifter ved lånefinansiering av samla investeringskostnad reknast til 5,3 mill. kr. Av dette er om lag 2,9 mill. kr knytt til realisering av investeringsbehov som krev løysing straks (byggjesteg 1).

***Årlege driftsutgifter ut over landslinetilskotet inkl. kapitalutgifter, vert på kort sikt om lag 5,8 mill. kr medan det i eit 15-års perspektiv vert om lag 8,2 mill. kr.***

Ved utgangen av 2012 hadde skulen eit akkumulert meirforbruk på om lag 0,8 mill. kr. Om lag 0,2 mill. kr av dette er knytt til driftsåret 2012. Skulen fell inn under ordninga med resultatoverføring og arbeider aktivt for å skape balanse i drifta og ta att det akkumulerte meirforbruket.

Aktiviteten knytt til ressurssenteret (oppdragsverksemد) og internatet ved skulen er føresett sjølvfinansiert. Rekneskapsresultatet i 2012 viser eit meirforbruk på om lag 0,1 mill. kr.

## 2.3 Naturbruksutdanning i Sogn og Fjordane

I arbeidsdokument 3/13 frå fylkesrådmannen til finansutvalet la fylkesrådmannen til grunn at drifts- og evt investeringskostnader ved Sogn jord- og hagebrukskule også må vurderast i lys av tal elevar frå eige fylke og risikoen som ligg i at landslineordninga kan kome til å bli avvikla.

### Elevtalsutvikling

Årstal	VG2 økologisk jordbruk (26 plassar)			VG3 økologisk landbruk (26 plassar)		
	Frå eige fylke	Totalt	Oppfylling i %	Frå eige fylke	Totalt	Oppfylling i %
2011/12	4	23	87	3	18	67
2012/13	4	12	44	4	16	62
2013/14	2	19	73	1	14	53

Tabellen viser at svært få av elevane på Sogn jord- og hagebrukskule er fra Sogn og Fjordane (3 elevar skuleåret 2013-2014). Det er i tråd med føresetnadene for å få landslinestatus for «små» tilbod at utdanninga i stor grad rekrutterer frå område utanfor eige fylke. Landslinetilboden er ikke fullfinansiert frå staten og påfører fylkeskommunen årlege driftskostnader. Dette gjer det relevant å drøfte framtida til skulen og fylkeskommunen sitt økonomiske bidrag ut frå tal elevar frå eige fylke og søkinga til naturbruksutdanning. Fokuset på kostnad i høve tal elevar vert forsterka som følge av den økonomiske stoda for fylkeskommunen og utfordringane knytt til reduksjon i elevtal i åra framover.

Tabellen viser også at både vg2 og vg3 har låg oppfyllingsgrad. I tillegg er det relativt få elevar med ungdomsrett ved skulen (7 av 28 skuleåret 2012-2013 og 4 av 33 skuleåret 2013-2014).

Rekrutteringa til naturbruksfaga har vore låg over tid, både i Sogn og Fjordane og nasjonalt. Naturbruksutdanninga på Mo har skuleåret 2013-2014 30 elevar på 45 plassar (samla for vg2 og vg3), dvs. 15 ledige elevplassar. Elevar frå eige fylke som ønskjer naturbruksutdanning kan såleis få dette i etablert tilbod på Mo, utan auke i kostnad.

Samla sett er det fylkesrådmannen si vurdering at fylkeskommunal deltaking i finansiering av skulen ikkje kan forsvaret ut frå ordinær skuledrift.

## **2.4 Skuletilboden si rolle i høve kompetansemiljøet på Sogn jord- og hagebrukskule**

Sogn jord- og hagebrukskule omfattar;

- Skule inkl. fulløkologisk skulegard. Finansiert ved landslinetilskot, fylkeskommunale midlar og salsinntekter.
- Ressurssenteret: har ansvar for all aktivitet utanom ordinær opplæring; kurs, seminar, prosjekt, omvising. Sjølvfinansierande.
- Kompetansenavet Vest: har ansvar for å bidra med råd og rettleiing innanfor småskala matproduksjon i Sogn og Fjordane og Hordaland . Finansiert av Innovasjon Norge.

I FT-sak 40/10 hadde fylkesrådmannen følgjande vurdering:

«Det er tette koplingar mellom dei ulike deler av kompetansemiljøet ved Sogn jord- og hagebrukskule. Skulen tilbyr eit breitt spekter av aktivitetar og felles lokalisering av kompetansemiljøet ved skuledrifta og den kommersielle delen av verksemda er med å gi auka breidde i tilbod og kompetanse. Kvar av dei ulike delane av verksemda ved Sogn jord- og hagebrukskule representerer åleine eit lite tal tilsette og dermed eit sårbart fagmiljø.

Synergieffekten av ”samdrifta” mellom skuledelen og den kommersielle delen av aktiviteten ved skulen er eit meir robust fagmiljø med breiare fagleg kompetanse. I tillegg representerer dei ulike delane av skulen fleire ”bein å stå på”. Skulen har eit omfattande fagleg nettverk. Innan oppdragsverksemda nyttar skulen, i tillegg til eigne krefter, i stor grad ekstern spisskompetanse. Den kommersielle delen av verksemda ved skulen har eit relativt stort omfang. Primæroppgåva for skulen er likevel å drifta landslinetilboden. Skulen har i sin omtale sannsynleggjort at dersom skulen og garden vert lagt ned vil også den kommersielle delen av verksemda forsvinne.»

Fylkesrådmannen si vurdering er at vidare drift av aktivitetar knytt til Sogn jord- og hagebrukskule føreset at ein har skuledrifta i botn.

## **2.5 Sogn jord- og hagebruksskule som utviklingsaktør og kompetansesenter**

Som vist over omfattar Sogn jord- og hagebruksskule skule inkl. skulegård, Ressurssenteret og Kompetansenavet Vest.

Samla sett har Sogn jord- og hagebruksskule 24 årsverk fordelt på 32 tilsette.

### Skulen og skulegården

Skulen gir opplæring innan Vg2 økologisk landbruk og gartnarnæring og Vg3 økologisk landbruk, begge som landsliner. Skulen har det einaste fulløkologiske skulegardsbruket i landet, med Debio-godkjennung av all produksjon.

Skulegården, med dyrehald, planteproduksjon og lokal foredling, er basis for opplæringa. I tillegg vert denne nytta i kurs- og anna opplæringsverksemder skulen driv i høve økologisk landbruk og tilleggsnæringer i landbruket. Foredling er eit satsingsområde ved skulen. Skulen har to eigne lokale for foredling, ysteri og eldhus, i tillegg til storkjøkkenet i Aurland Næringshage.

Skulen inkl. gardsdrifta har om lag om lag 20,5 årsverk fordelt på 26 tilsette. Dei tilsette har kompetanse innanfor mange ulike fagfelt; skog/utmark/kulturlandskap, hagebruk, husdyr/veterinær, allsidig landbruk og foredling. Av det pedagogiske personalet har ni tilsette høgaste utdanning på bachelornivå og fire på masternivå. Skulen prioriterer at fagpersonell innanfor landbruk har ei agronomutdanning i tillegg. God kunnskap om økologisk gardsdrift er vesentleg for kvaliteten på utdanninga og viktig i arbeidet med rettleiing av næringa.

### Ressurssenteret

All aktivitet utanom ordinær opplæring er organisert i ei eiga avdeling, Ressurssenteret, som har ansvaret for kurs, seminar, prosjekt og omvising. Drifta vert finansiert gjennom inntening på oppdrag og prosjektmidlar og er sjølvfinansierande. Ressurssenteret hadde i 2012 2,85 årsverk fordelt på 5 tilsette. Til mykje av kursverksemda hentar senteret inn fagkompetanse på nasjonalt nivå i tillegg til eigne tilsette.

I 2012 arrangerte Ressurssenteret 12 kurs, 1 studietur og 7 seminar/andre arr. I alt deltok 419 personar på desse kompetansehevande tiltaka. Dei fleste av arrangementa (11) var på oppdrag for Kompetansenavet Vest; kurs og fagdagar innan småskala foredling. Dette var i hovudsak innan mjølkeforedling, men også foredling av frukt og bær, baking m.m. Det vart også arrangert kurs i frukt- og bardyrking, eit stort seminar («Aurlandsseminaret»), samt eit 15 studiepoengstudie («Stadbaseret entreprenørskap og læring») i samarbeid med Universitetet for Miljø og biovitenskap. Det vart i 2012 også gjennomført om lag 15 omvisingar/besøk/ kortare undervisningsopplegg for vel 120 personar.

«InnPåTunet»-oppdrag blir også organisert av Ressurssenteret, og i 2012 utgjorde dette om lag 1,3 årsverk (inkludert i tal årsverk i Ressurssenteret).

Skulen har ikkje eigne lokale til gjennomføring av kurs, særleg er det mangel på rom for større kurs/ fellessamlingar. Samordning med ordinær undervisning på skulen er nødvendig, då skulen må ta i bruk ordinære klasserom til kursverksemda.

### Kompetansenavet Vest

Kompetansenavet Vest skal bidra med råd og rettleiing innanfor småskala matproduksjon og kom i gang i 2001 i samband med Verdiskapingsprogrammet for mat. Kompetansenavet Vest har base på Sogn jord- og hagebruksskule, men har både Sogn og Fjordane og Hordaland som nedslagsfelt. Kompetansenavet Vest har ikkje faste kursstader, men arrangerer kurs i begge fylka. Hovudvekta av kurs, om lag 50 %, vert arrangert ved Sogn jord- og hagebruksskule.

Kompetansenavet Vest har ansvar nasjonalt for kompetansepakken for mjølkeforedling, og i 2012 gjennomførde Kompetansenavet Vest 14 kurs/studieturar med tilsamen 132 deltakarar. 7

av desse (med 86 deltarar) var innan mjølkeforedling, og dei vart arrangert av Ressurssenteret ved Sogn jord- og hagebruksskule.

Kompetansenavet Vest (oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet) har 1 tilsett i 70 % stilling (dagleg leiing 50 %, besøksordning 20 %) og er finansiert over Innovasjon Norge sine kompetansemidlar for landbruket.

Den unike kompetansen innanfor økologisk verdiskaping har gjeve skulen ei sentral rolle som utviklingsaktør innan natur- og kulturbasert næringsliv. I samband med høyring av prosjektrapport om Sogn jord- og hagebruksskule som lokal og regional utviklingsaktør, som var ein del av grunnlaget for FT-sak 40/10, var mange av høyringsinstansane opptekne av skulen si rolle i utvikling av regionen.

Oppdragsverksemda ved Sogn jord- og hagebruksskule inkludert internatet, er føresett sjølvfinansiert. Rekneskapsresultatet for denne aktiviteten i 2012 viser eit meirforbruk på om lag 0,1 mill. kr. Ut frå aktivitetsnivået i dag vil ikkje denne aktiviteten kunne bidra til finansiering av skuledrifta. Det bør gjerast ei vurdering av om det er ytterlegare inntektpotensiale for aktiviteten ved Ressurssenteret.

I FT-sak 40/10 viser fleire av høyringsinstansane til viktigeita av skulen sin kompetanse på økologisk landbruk; «viktigaste kompetansesenter i landet for økologisk landbruk innanfor vidaregåande opplæring» og «kompetansemiljøet ved Sogn jord- og hagebruksskule vil vere viktig for om vi på nasjonalt nivå når måla om 15% økologisk produksjon og forbruk innan 2020».

I fylkesrådmannen si vurdering i saka heiter det m.a.:

«Prosjektrapporten og høyringsrunden er tydelege på at fylkeskommunen bør styrke Sogn jord- og hagebruksskule som økologisk skule og kompetansemiljø for lokal og regional utvikling innan natur- og kulturbaserte næringar.

Fylkesrådmannen meiner det er gode grunnar for og i samsvar med staten, fylkeskommunen og Aurland kommune sine målsettingar for landbruk og økologi å vidareutvikle og støtte Sogn jord- og hagebruksskule og deira nettverk. Men det heftar også stor økonomisk risiko for fylkeskommunen som skuleeigar ved å satse på eit kompetansemiljø som av mange vert oppfatta som marginalt og motstrøms i høve til dagens samfunnsutvikling. Det er difor avgjerande for omfanget av den vidare satsing at staten forpliktar seg til å følgje opp med tilstrekkelege ressursar, både til drift og investeringar, i samsvar med Stortinget og LMD (Landbruks- og matdepartementet) sine meldingar og planar.

Dersom staten ikkje kan innfri desse forventningane må omfanget av investeringane gjenspegle dette.»

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen, i nært samarbeid med Aurland kommune, umiddelbart må ta opp att arbeidet mot sentrale styresmakter med sikte på statleg delfinansiering av investeringane ved skulen og statleg fullfinansiering av tilhøyrande drift.

I brev, dagsett 28.10.13 (vedlegg 5), viser organisasjonane Oikos – Økologisk Norge, Utviklingsfondet, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag til den nasjonale målsettinga om at 15 % av matforbruket i 2020 skal vere økologisk og at det er avgjerande at det blir utdanna agronomar med kunnskap om økologisk matproduksjon for å nå dette målet. Dei held fram Sogn jord- og hagebruksskule som det einaste heilskaplege utdanningstilbodet i økologisk landbruk, og viser til den positive verdien skulen har for stadsbasert næringsutvikling innan småskala matforedling, og for det lokale næringslivet. Organisasjonane melder at dei gjerne

vil bidra til å sjå på løysingar som kan vere gunstige for skulen på lengre sikt og oppmodar samstundes Sogn og Fjordane fylkeskommune til å sikre forsvarleg drift av Sogn jord- og hagebrukskule og bidra til ei føreseieleg framtid for ein skule som utdannar agronomar for framtida.

Sogn jord- og hagebrukskule er ein stor arbeidsplass i Aurland kommune. Som eit innspel i samband med fylkeskommunen si handsaming av framtida for skulen, har formannskapet i Aurland kommune, som vertskommune, bede om å få utarbeidd ei utgreiing om den verdien Sogn jord- og hagebrukskule har for opplæring, kompetansemiljø og næringsutvikling. Utgreiinga skal og innhalda konkrete tilrådingar knytt til framtidig drift og naudsynte investeringar. Rapporten Verdiar for framtida. Sogn jord- og hagebrukskule, Landsline for økologisk jordbruk, utarbeidd av Aurland Naturverkstad etter bestilling frå Aurland kommune, vart ferdigstilt og presentert 18.11.13. Rapporten er ikkje vurdert i denne saka, då fylkeskommunen mottok rapporten parallelt med at saka til HO vart ferdigstilt. Rapporten vil inngå som ein del av grunnlaget for den vidare prosessen.

## **2.6 Framtidig finansiering av drift og investering – fylkesrådmannen si vurdering av vegen vidare**

Som påpeika i arbeidsdokument 3/13 frå fylkesrådmannen til finansutvalet har spørsmålet om kva som skal skje med Sogn Jord og hagebrukskule drege ut. Fylkesrådmannen ser det som viktig at det innan kort tid vert teke ei endeleg avgjerd om framtida for skulen. Dette ikkje minst av omsyn til dei tilsette.

Skulen – som i utgangspunktet skal vere sjølvfinansierande - påfører fylkeskommunen årlege kostnader. På driftssida er det statlege tilskotet for lite til å dekke dei lopande kostnadane. Samla sett er fylkeskommunen årleg inne med om lag 2,9 mill. kr til finansiering av drift og vedlikehald. I tillegg fell alle investeringskostnader på fylkeskommunen.

Som vist i saka kan fylkeskommunen sitt behov for naturbruksutdanning ivaretakast innan vedteken framtidig skule- og tilbodsstruktur, jf. skulebruksplanen. Ut frå dette kan ikkje fylkesrådmannen tilrå at fylkeskommunen i framtida åleine skal bruke økonomiske ressursar på skuletilbodet ved Sogn jord- og hagebrukskule. Dette gjeld både drift og investering.

Dersom drifta ved skulen skal vidareførast meiner fylkesrådmannen at også andre aktørar enn fylkeskommunen må bidra økonomisk i hove til det engasjementet og den interessa dei har for skulen.

Fylkesrådmannen meiner det i perioden fram til medio mars 2014 må gjennomførast ein prosess for å kartlegge moglege samarbeidspartar for å dekke årlege drifts- og investeringskostnader ved Sogn jord- og hagebrukskule. Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen i utgangspunktet bør vere innstilt på å dekke 60% av det kortsiktige investeringsbehovet anslått til 43 mill. 2013-kr. Vidare bør fylkeskommunen gjennom ein intensjonsavtale vere med ta eit finansielt delansvar også for det langsiktige investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30-40 mill. 2013-kr. Fylkeskommunen bør også vere innstilt på å dekke om lag halvparten av dei lopande driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev. ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen, som ein del av prosessen, bør be Aurland kommune klårgjere eventuell eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune og klårgjør om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.

Som vist i saka vil vidare drift av aktivitetane/funksjonane knytt til Sogn jord- og hagebruksskule truleg ikkje vere mogleg dersom ein ikkje har skuledrifta i botn. Dersom det kjem på plass bindande avtalar om finansiering, meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen, for å sikre stabil drift og føresielege vilkår for dei tilsette, bør leggje til rette for framleis å stå som skuleeigar og arbeidsgjevar for dei tilsette på skulen.

Sak om framtida for Sogn jord- og hagebruksskule må leggjast fram for fylkestinget til endeleg avgjerd i juni 2014.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at dersom det ikkje let seg gjere å få forpliktande avtalar om fullfinansiering av drift og investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule i perioden fram til det vert lagt fram sak for fylkestinget, bør det ikkje takast inn nye elevar på vg2 hausten 2015. Skulen bør då vere avvikla frå august 2016. Dei tilsette må handsamast på same måte som andre fylkeskommunalt tilsette i tilsvarende situasjon.